

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
**0301 OSLO**

NVE  
[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Grinde den 10.04.2014

(sendes kun elektronisk)

## **Tillegg til høyringsfråsegn til: Ny konsesjonssøknad for Brekkefossen Kraftverk i Storelva. Alternativ med Inntak i «Turlaghølen» under Brekkefossen. Fjaler kommune, Sogn og Fjordane Fylke Vassdragsnr. 082.5Z**

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.809. Den omsøkte planendringa ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt virkeområde, sjå: <http://sognogfjordane.turistforeningen.no/>

Plasseringa av inntaket er i tråd med vårt framlegg til eit forbetra utbyggjingsalternativ til første KS for Brekkefossen i vårt fråsegn datert 22.06.2012 ( Saksnummer NVE 200803805 Reg.nr. 5511.) *Minstevassføringa er i ny søknad halvert og nede på 50 l/s* og dette meiner naturvernutvalet i Sogn og Fjordane Turlag er altfor lågt og heilt uakseptabelt! 5 persentil i minstevassføring er eit rimeleg ynskje for å kunne ha ein minimum av eksisterande økosystem langs elva nedenfor inntaket og sikra vasstilknytt flora og fauna.

Ein så liten minstevassføring vil også nærast kappe av Brekkefossen slik at den nedre delen, omlag ein tredel av fossen, vert nærast turlagt. Dette er særst uheldig for opplevinga av landskapet inn til eit viktig friluftsområde.

Over tid har forholdet slukeevne/middelvannføring gått opp frå 150% til 200% som no konsesjonssøklarane bruker som «norm» 300% er også registrert!

Vi meiner at å føre ein rimelig mengde vatn i elva (minstevassføring) er viktig for det akvatiske miljøet, men at det i tillegg til dette skal vere ein «flom» så ofte som mogleg er like viktig. Stor slukeevne vil gjere elva «flat». Flommene blir slukt opp.

Slukeevne >200% gjer flommer sjeldnarane, dersom søklar ynskjer dette meiner vi at minstevassføringa då automatisk vert satt til minst 5 persentil, men gjerne høgare.



5 persentil er idag stort sett brukt som krav frå NVE til utbyggjarnane og naturvernutvalet er svært glad for dette, ein reknar med at NVE også ved konsesjonssøknaden for Brekkefossen vil fylgja opp med 5 persentil krav til minstevassføring.

Naturvernutvalet i SFT har i tidligare omtala fråsegn frå 22.06.2012 antyda at inntaket på kote ca 335 var mogleg å akseptere med den minstevassføringa det vart søkt om og som då var 100l/s. I den nye søknaden har søkjar halvert mengden ein har tenkt å føre til elva nedom inntaket til 50 l/s. *Halvering av minstevassføring er ikkje akseptabel* og dersom NVE innvilgjer søknaden må det vere under føresetnad av at det sleppast 5 persentil (= 100 l/s) som minstevassføring. Den nedre tredelen av Brekkefossen vil då vere redusert som ein synleg negativ effekt av utbyggjinga. Det er vanskeleg å vurdere kva effekt ein redusert vassføring vil ha for det biologiske mangfaldet nedom inntaket, men de er utan tvil betydelege. Ein reknar med at Fylkesmannen best kan vurdere denne sida av saka, og at NVE legg vekt på det Fylkesmannen kjem fram til.

Venleg helsing  
for SOGN OG FJORDANE TURLAG  
Naturvernutvalet

v/ leiar Ron Overdevest      Grinde den 10 april 2014  
sign.

telefon: 97674654  
email: rono@online.no

